


Skulen snart i formannskapet

09.03.2012



Slik blir enden av skulen som vendar mot Neset

Opprustinga av skulen i Uskedalen er på planleggjingsstadiet og planleggjingga er no godt igang. Det fekk politikarane inntrykk av gjennom dei opplysninga som vart gjeve under formannskapsmøtet på KV denne veka.

**Der vart det opplyst at
eit skisseprosjekt skal vere ferdig 30. mars og at saka kjem i
formanskapet 10. april**

Arbeidet skal starta 15. oktober og den renoverte skulen/fløyen blir då etter planen klar til skulestarten hausten 2013.

Det er den eldste fløyen som no skal rustas opp utan at det blir meir plass for undervisninga. Det blir 7 klasserom som i dag.

Den einaste fysiske utviding av arealet blir 35 kvadratmeter til tekniske rom som i vesentleg grad skal romma eit sårt sakna ventilasjonsanlegg.

Desse romma blir liggjande i enden som vender mot Neset, Det er ventilasjonsanlegget og fasaden som vil kreva dei størst summane,

Av Ola Matti Mathisen